

Klimapartnere i Hordaland

Norsk Klimastiftelse

Olav Kyrres gate 11 - 5014 Bergen

www.klimastiftelsen.no | post@klimastiftelsen.no

Februar 2014

Samandrag

I Agder har dei gjennom prosjektet Klimapartnerar etablert eit nettverk av private og offentlege verksember som alle forplikter seg til å redusere egne utslepp. Ved å delta i nettverket får ein kunnskap og råd om praktisk klimaarbeid, samtidig som ein kan bruke nettverket til å promotere egne tiltak.

Norsk Klimastiftelse, i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, etablerer i første halvdel av 2014 Klimapartner-nettverk i Hordaland, etter modell frå Agder.

Bakgrunn

Sidan 2009 har Agderfylka gjennom nettverksprosjektet Klimapartnerne fått til eit svært effektivt offentlig-privat samarbeid for å få regionenes klimaengasjement opp, og klimagassutsleppa ned. Formålet er at nettverksdeltakarane saman skal identifisere utslepp og innovere løysingar for å få utsleppa fjerna eller redusert.

Alle interesserte verksemder og organisasjonar, private så vel som offentlege, kan bli med i nettverket. Som klimapartner forpliktar ein seg til følgjande:

- Signere ein avtale om å redusere utslepp av klimagassar.
- Ein må føre klimaregnskap (dette får ein hjelp til om ein ikkje alt gjer det)
- Gjennomføre miljøsertifisering (t.d. Miljøfyrtårn eller ISO)
- Delta på partnararrangement med representant(ar) frå toppleiinga.
- Utvikle produkt eller tenester som har fokus på å redusere utslepp.
- Betale årleg medlemskontingent (summen må nettverksdeltakarane avgjere, i Agder er kontingenten 10.000 kr for små verksemder og 20.000 for store).

I Agder får deltakarane i Klimapartnerne mellom anna:

- Tilgang til eit nettverk av offentlege og private aktørar som i fellesskap arbeider for klimagassreducerande tiltak.
- Kunnskapsnotat om tema som nettverksdeltakarane sjølve syns er interessante.
- Eit årleg klimarekneskap for det samla nettverket.
- Invitasjon til møter og seminar med politisk deltaking og eksterne foredragshaldarar.
- Råd i samband med miljøsertifisering og utarbeiding av klimafotavtrykk

Per des. 2013 omfatta nettverket 43 verksemder med til saman ca. 22000 tilsette. Dei fleste verksemdene som er med i nettverket har fått til omfattande klimagassreduksjonar.

Ved oppstart av Klimapartnerne Hordaland i februar 2014 er følgjande verksemder med: Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, BIR, UIB, SPV, Hotel Grand Terminus, Asplan Viak, Helse Bergen, Emisoft, Atea, Auto 23, BKK